

Unnateke off.  
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1

## ENKELTVEDTAK OM AVVIKLING AV SÆRSKILD SPRÅKOPPLÆRING

Elev: Fødd:

Årstrinn: Klasse/gruppe:

Skule:

### Særskild språkopplæring omfattar, jf. oppl. §2-8 (under)

1. Særskild norskopplæring
2. Morsmålsundervisning
3. Tospråkleg fagopplæring

Når morsmåslærar og tospråkleg fagopplæring ikkje kan gjevast av eigna undervisningspersonale, skal det leggjast til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadane til eleven

### Dokument i saka:

Resultat/vurdering av kartlegging gjennomført... (*Skriv inn dato og tittel*)

Ev andre relevante dokument

### Vedtak:

Særskild språkopplæring i form av ... (*skriv inn om det gjeld særskild norskopplæring, morsmålsundervisning eller tospråkleg fagopplæring*) for NN (*skriv eleven sitt namn*) blir avvikla frå og med... (*skriv dato*).

### Grunngjeving:

..... skule har kartlagt NN sin språklege dugleik i norsk ved bruk av kartleggingsverktyet.... Kartlegginga saman med vurdering av eleven sitt nivå syner at NN har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skulen.

### *NB! (Les teksten og fjern den fra endeleg vedtak)*

*Det skal alltid fattast vedtak om avslutting av tiltak etter oppl. §2-8, dersom dette blir sett i verk innafor perioden eit enkeltvedtak gjeld for. Eit slikt vedtak skal grunngjevest i eleven sin kompetanse i norsk (synleggjere kvifor eleven har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa).*

*Dersom særskild språkopplæring blir avvikla i samband med nytt skuleår og tidsramma eksisterande enkeltvedtak gjeld for er gått ut, treng ein ikkje fatte enkeltvedtak om avvikling (oppør) av tiltaket (det måtte ein tidlegare).*



## **Lovheimel:**

Opplæringslova § 2-8 Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar:

*"Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.*

*Morsmålsopplæringa kan leggjast til annan skole enn den eleven til vanleg går ved.*

*Når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, skal kommunen så langt mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.*

*Kommunen skal kartleggje kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Slik kartlegging skal også utførast undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring etter føresegna, som grunnlag for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.*

*Kommunen kan organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper, klassar eller skolar. Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i slik gruppe, klasse eller skole, må dette fastsetjast i vedtaket om særskild språkopplæring. Vedtak om slik opplæring i særskilt organisert tilbod kan berre gjerast dersom dette er rekna for å vere til beste for eleven. Opplæring i særskilt organisert tilbod kan være inntil to år. Vedtak kan berre gjerast for eitt år om gongen. I vedtaket kan det for denne perioden gjerast avvik fra læreplanverket for den aktuelle eleven i den utstrekning dette er nødvendig for å vareta eleven sitt behov. Vedtak etter dette ledet krev samtykkje frå elev eller føresette».*

## **Klagerett:**

Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Enkeltvedtak kan påklagast. Klagefrist er 3 veker rekna frå den dagen De mottek dette brevet. Klagen skal sendast til den instansen som fatta vedtaket. Får De ikkje medhald ved ny handsaming, vert klagen sendt til endeleg avgjerd hjå Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga. Dei er klageinstans for enkeltvedtak fatta med heimel i opplæringslova.

Ta kontakt med skulen om De ønskjer å sjå dokumenta i saka, eller ønskjer hjelp til å klage.

.....

.....

.....

underskrift rektor